

Månadsbrev april 2026

Snø blei fort mangelvare i mars, så det blei ikkje mykje ski. Friluftsgruppa reiste til Flørli der dei gjekk tur på Flørlineset og i trappene. Nokon fiska og alle storkoste seg. Men mellomtrinnet på Tonstad og Sinnes koste seg Tjørhom på aktivitetsdag, og alpindagen blei framskunda ei god veke i sol. 9.-klassingane har hospitert og vore på arbeidslivstrening. Uvisst årsak, var det berre 23 elevar som svarta på trivselsundersøkinga, og dei som har sagt noko om vidare praksis, deler seg på midten. SU kom fram til at me held fram som før.

I april byrjar me roleg før det blir kulturell skulesekk for 1.-7. klasse 14. april. Då blir det "For lenge lenge siden, levde det en mann som het Jon Olsen i den lille bygda Tovdal på Sørlandet. Han var så stor og så sterk, at alle bare kalte ham for Kjempe-Jo. (...) Kjempe-Jo fikk seks barn, deriblant Lille - Kari, som fikk mye ansvar i familien etter at moren døde da hun var bare tre år gammel.



Historiene i denne konsertfortellingen er basert på sanne historier" om Kjempe-Jo og Lille-Kari. Gjennom spesialskrevet instrumentalmusikk og fortelling, får elevene høre spennende historier om hvordan det var å være barn i bygde-Norge i gamle dager." [Kjempe-Jo og Lille-Kari 25-26 | Agder DKS](#)

Torsdag 23. april er det verdas bokdag, og om kvelden kjem Hildegunn Fandrem frå UiS og Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning for å snakka om "Mobbing og spesielt digital mobbing". Det byrjar allereie kl. 18.00, og etter føredraget samlast klassane for ein diskusjon om temaet.

Tida går fort, så 10. klasse byrjar med årsprøvar 29. april. Først blir det norsk hovudmål, så norsk sidemål 30. april, matematikk 5. mai og engelsk 4. mai. Lukke til! 8. og 9. klasse har sine årsprøvar i veke 23, når 10. klasse er på avslutningstur.

SFO ein gong til: Skal ungen din på SFO til andre tider enn det står i påmeldinga/bestillinga, ver grei å gje beskjed. Nokon er flinke, medan andre gløymer seg ut, og det er uføreseieleg for tilsette og vikarar på SFO.

Skuleonsdagar: 8. og 29. april

Me hadde rekna feil på planleggingsdagar for lærarane, så det blir fri for elevane 1. juni.

Framleis god påske!

Åse-Berit Fidjeland

